



Byglandsnytt nr. 50 – oktober 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,
post@bygland.kommune.no. www.bygland.kommune.no
Neste utgåve: 01. november 2023. Send tips innan 30.10.

Bygland kulturpris 2022




Siv Eline Jacob og Runar Flåt Granheim fekk kulturprisen for 2022.
Les meir s. 12/13

Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00


I PROSENT/%

Oppslutning og mandater




ANTALL STEMME

Oppslutning og mandater



ANTALL MANDATER

Oppslutning og mandater



Bygland kommune sine aktuelle kunngjøringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Politiske møte, sakspapir og protokollar

Det nye kommunestyret har sitt konstituerande møte på torsdag 19.10.

www.bygland.kommune.no/innsyn

- Rådet for eldre og funksjonshemma: 09.10. kl. 12.00
- Bygland ungdomsråd: 09.10. kl. 15.30
- Plan, miljø og ressursutvalet: 10.10. kl. 09.00
- Kommunestyremøte: 19.10. kl. 09.00
- Levekårsutvalet: 23.10. kl. 12.00
- Formannskapet: 24.10. kl. 09.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117
telefontider mandag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekontor**, Sentrum 18, 4745 Bygland
- **Evje legekontor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

	Bygland	Evje
måndag		08.00 - 15.00
tysdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
onsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
torsdag	08.00 - 15.00	08.00 - 15.00
fredag		08.00 - 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland v/ Mari Rygg, tlf. 945 22 025

OBS! I veke 40 er biblioteket stengt grunna haustferien.

	Bygland	veke 41	Byglandsfjord	veke 41
måndag	11.30 – 15.00	-	16.30 - 19.00	17.00 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15	-
torsdag	13.00 – 17.00	14.00 – 17.00		

Anna statleg informasjon

Passbilen kjem til Evje **torsdag 30.11.**

For timebestilling/informasjon: www.politiet.no
eller du kan ta kontakt på politistasjonen på Evje.



Ledige stillinger i Bygland kommune

Bygland kommune, Helse: Vikariat som flyktningkonsulent

Vi har ledig eit 100% vikariat som flyktningkonsulent i perioden 01.01.-31.12.2024

Søknadsfrist: 01.10.2023

Webcruiter-ID: 4704775959



Blant **arbeidsoppgåver** er det:

- Busetjing og oppfølging av flyktingar.
- Kartlegge, rettleie og følgje opp menneske med fokus på arbeid, utdanning og integrering
- Koordinering av tenester og tett samhandling med andre aktørar internt og eksternt.

Kontaktinformasjon

Marthe Alvilde Håvorstad Homme

Avdelingsleiar, Helse

Telefon: 908 15 191

Leif Sigurd Helle

Tenesteleiar helse og omsorg

Telefon: 950 52 813

Bygland Kommune, Samfunnsutvikling: Vikariat - Dagleg leiar

Bygland frivillighetsentral

Vi har ledig eit 100 % vikariat i stilling som dagleg leiar ved frivilligsentralen

Søknadsfrist: snarast

Webcruiter-ID: 4706634763

Blant **arbeidsoppgåver** er det:

- Rekruttera frivillige som ønskjer å yta ein innsats for andre, skapa eit godt miljø for dei og gi rettleiing.
- Drift og utvikling av BUA Bygland.
- Laga møteplassar, og koordinera frivillig innsats i lokalsamfunnet.
- Fanga opp udekte behov for frivillig bistand og leggja til rette for frivillig innsats som møter behova, og setja i verk og koordinera ulike aktivitetar som ikkje blir dekte av kommunale tenester.

Kontaktinformasjon

Aslak Jørundland Brekke

Leiar Samfunnsutvikling

Telefon: 91 69 36 75

Bygland Kommune, Pleie- og omsorg: Ledige helgestillingar i pleie- og omsorgseininga (deltid)

Søknadsfrist: snarast

Webcruiter-ID: 4706676341

Om stillinga

Pleie- og omsorgseininga i Bygland kommune er lokalisert på Byglandsheimen. Det er ein sjukeheim med 12 langtidsplassar, 6 plassar i bufellesskap for demente og 4 korttidsplassar. Open omsorg har også base på Byglandsheimen, og har ansvar for å levere tenesta heimesjukepleie til heimebuande brukarar. Open omsorg har og ansvar for 6 plassar i bufellesskap for eldre og 8 omsorgsbustadar som er lokalisert på Byglandsheimen. Habiliteringstenesta er lokalisert på Byglandsfjord. Her ligg eit tun med totalt 7 bustader med døgnbemanning. I dag brukast bustadane til brukarar med psykisk utviklingshemming.

Me har no fleire ledige stillingar som sjukepleiare og helsefagarbeidar i helgestillingar. Vi søker difor etter fleire dyktige medarbeidarar som kan bidra til å styrke vårt team av dyktige tilsette.

Kontaktinformasjon

Marthe Alvide Håvorstad Homme

Avdelingsleiar, Helse

Telefon: 908 15 191

Leif Sigurd Helle

Tenesteleiar helse og omsorg

Telefon: 950 52 813

Drift og forvaltning

Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP)

Søknadsfristen for foretak er 15. oktober.

Informasjon om ordninga og rettleiingsmaterieill for Agder er lagt ut på Statsforvaltaren si nettside.

Søknadsomgangen 2023 er første året i den nye programperioden 2023 - 2026. Det er vesentelege endringar i høve søknadsomgangen i fjor. Du finn informasjon om alle ordningane i rettleiingsheftet.

Om du har spørsmål, kan du kontakte landbruksforvaltninga i kommunen på tlf. 37 93 47 00.

Søkjer Agder sin mest engasjerte matambassadør

Agder fylkeskommune lyser ut eit utviklingsstipend på 50 000 kroner til Agder sin mest engasjerte matambassadør.



Foto: Inge Olav Fjalestad



Målet er å auke kompetansen, stoltheita og merksemda om matregionen Agder. Stipendet er ein del av prosjektet “Matregion Agder” som arbeider for å styrke berekraftig produksjon og distribusjon av lokalmat.

-Vi søkjer etter ein matambassadør med ambisjonar, engasjement og ein god plan for å oppnå vekst og verdiskaping knytta til berekraftig mat og reiseliv i heile Agder. Slik kan ambassadøren vere med å legge til rette for auka rekruttering til matfaga og styrke omdømmet deira, seier prosjektleiar for Matregion Agder og rådgjevar for verkemidlar og entreprenørskap i Agder fylkeskommune, Kari Brunvatne Kleivset.

For å søke må ein arbeide innanfor matproduksjon og matfag i Agder og bu og ha sitt virke i Agder fylke.

-Vi håper og ambassadøren for lokal mat vil kunne bidra til at barnehagar, skular, kantiner og helse- omsorgsinstitusjonar i Agder følgjer råda om kosthald, har null matsvinn og brukar lokale råvarer i alle rettar, seier Brunvatne Kleivset.

Les meir om stipendet og prosjektet her: agderfk.no; «Matambassadør»

Informasjon om feiing 2023

Setesdal brannvesen IKS har sendt ut informasjon til innbyggerane om feiing.



Setesdal brannvesen IKS har leigd inn Feiermester Frank Bertelsen for å utføre feiing i store delar av Bygland for året 2023.

Utføringa av feiing blir gjort etter Setesdal brannvesen IKS si rutine for feiing. Det medfører at varsling vil skje via SMS eller ved brev, og det vil bli registrert i Setesdal Brannvesen IKS sitt fagsystem.

Innbyggerane har tilgong til historikken gjennom "Min eigedom" på kommunen si heimsida.

Avtalen med Frank Bertelsen gjeld **kun feiing av bustadhus**. Ansvaret for **feiing av fritidsbustadar/hytter eller tilsyn av bustad** ligg framleis hos Setesdal brannvesen IKS.

Kontakt:

Frank Bertelsen

Dagleg leiar

T: 991 53 4067; E: post@feiermesterfb.no

Helse og Omsorg

BYGLANDSHEIMEN

Open dag - onsdagar kl. 11.00 – 14.00

Velkomen til hyggeleg treff i Storstoga på Byglandsheimen med kaffe, ein smakebit og varierende underholdning.

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, tlf. 90 22 55 03, trivselskoordinator på Byglandsheimen

Konsert med Frode Moltemyr


onsdag 25. oktober kl. 16.00.

Den dagen vil *Open dag* starte kl. 13.00, og det vil bli moglegheit å kjøpe seg middag, Solfrids ypparlege lapskaus, med noko attåt for kr 100,-.

Påmelding for middag per telefon, 90 22 55 03, eller via e-post til kenneth.fyhn@bygland.kommune.no.



Bilete: Byglandsheimen av Margit Smedsland



Booking og tlf.: frodemoltemyr@gmail.com - Mobil: 061 88 103

Folkehelseundersøking i Agder 2023

Vi spør 60 000 egder om korleis de har det - ditt svar betyr noko.

Agder fylkeskommune har sendt ut informasjon om den store folkehelseundersøkinga i Agder 2023 som ble sendt ut frå 20.09. Vi håper så mange som mogleg kan svare på denne!



Foto: Adobe Stock, Standret

"- Vi trenger folks hjelp, så vi kan gjøre et enda bedre folkehelsearbeid i kommunene og fylkeskommunen, sier Vegard Nilsen, fylkesdirektør for folkehelse i Agder fylkeskommune.

Han håper flest mulig vil svare når Folkehelseundersøkelsen i Agder sendes ut til 60 000 egder fra 20. september.

- Når innbyggerne forteller oss om hvordan de opplever livet, hva de er fornøyde og misfornøyde med, kan vi jobbe mer målrettet med folkehelse. Da kan vi sette inn «trøkket» der det trengs mest, sier fylkesdirektør Vegard Nilsen.

Invitasjon på e-post og SMS

Invitasjonene sendes ut på e-post og SMS i september og oktober. Deltakerne blir trukket ut tilfeldig fra Folkeregisteret, blant innbyggere på Agder over 18 år. (Ungdata er en tilsvarende undersøkelse for de under 18 år.)

Undersøkelsen tar for seg alt fra tilgang til buss og servicetilbud i nærmiljøet, til spørsmål om helse og levevaner. En egen del handler om livskvalitet.

- Flere utfordringer på Agder

Agder har i flere år hatt utfordringer knyttet til levekår, lavinntekt og andelen uføre. I juni 2023 hadde Agder og Innlandet høyest andel uføretrygdete per fylke, med 14,2 prosent, ifølge tall fra Nav. Bedre levekår er et av hovedsatsingsområdene i Regionplan Agder 2030.

- Vi har flere utfordringer på Agder, som vi må ta tak i. I folkehelseundersøkelsen fra 2019 fikk vi viktige svar knyttet til egders oppvekst og psykiske helse. Vi tror befolkningen sitter på verdifull kunnskap i arbeidet med å bedre folkehelsa. Jeg takker derfor alle som tar seg tid til å svare når undersøkelsen kommer, sier Vegard Nilsen.

I dag er folk forsiktige med lenker de får tilsendt. Så om folk er usikre, kan de sjekke kommunens eller Agder fylkeskommunes hjemmeside for mer informasjon om undersøkelsen.

Resultater rundt juletider

Undersøkelsen er et samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunene og Folkehelseinstituttet. Rapporten med funnene, ventes å være klar i desember 2023. Resultatene vil kunne benyttes i det lokale folkehelsearbeidet i kommunene på Agder.

Godt utprøvd og sikker teknisk løsning

– Kantar Public og Norsk Gallup gjennomfører undersøkelsen på oppdrag fra Folkehelseinstituttet. Undersøkelsen foregår hovedsakelig på nett, og utvalgte personer vil få invitasjon på epost og SMS. Man får tilsendt en individuell lenke til spørreskjemaet. Skjemaet kan fylles ut enten på mobiltelefon, nettbrett eller PC, sier seniorrådgiver Thomas S. Nilsen i Folkehelseinstituttet.

Personopplysninger behandles konfidensielt. Undersøkelsen gjennomføres i henhold til datalagringsregelverket (GDPR) og Datatilsynets retningslinjer for behandling av personopplysninger.

- Dessverre er det bare de som får invitasjon til å delta som kan svare. Derfor håper vi at de som får anledning faktisk svarer, sier Vegard Nilsen.

Undersøkelsen gjentas med jevne mellomrom, slik at kunnskapen blir oppdatert. Forrige gang den ble holdt på Agder var i 2019.

Fakta om Folkehelseundersøkelsen i Agder 2023

- Gjennomføres for tredje gang i Agder
- Undersøkelsen er et samarbeid mellom fylkeskommunen, kommuner og Folkehelseinstituttet
- 60 000 voksne i Agder får invitasjon til å delta på e-post og SMS
- De første invitasjonene sendes ut fra 20. september
- Rapport med funnene ventes å være klar i desember 2023.
- Svarene benyttes til å gjøre arbeidet for bedre folkehelse mer målrettet i kommuner og fylkeskommuner

For mer informasjon kontakt:

Oddmund Frøystein

Rådgiver analyse

LMT SETESDAL INTERKOMMUNAL AUDIOGRAF

Caroline Dankworth er interkommunal audiograf som saman med høyrselekskontaktane frå kommunane i Setesdal har oppretta eit høyrselsteam som ønskjer å tilby innbyggjarar saumlaus høyrselshjelp av god kvalitet.



Kommunebesøk Onsdager og fredager fra kl. 08 – 15.00

- Service, samarbeid m/hørselskontakter og helsepersonell i kommunene:

	EVJE OG HORNES	BYGLAND (fredagar)	ÅSERAL	VALLE	BYKLE
Okt.	6	13	20	18	18
Nov.	10	3	24	22	22
Des.	8	15	20	13	13

Ta kontakt med høyrselekskontakten i kommunen din for møte med audiograf under kommunebesøk.

HØYRSELSKONTAKT I BYGLAND

Anne Marie Ingebretsen

Adresse: Prestlidi 68, 4745 Bygland

E-post: Anne.ingebretsen@bygland.kommune.no

Tlf: 95 70 45 55

Måndager 8 – 15 (oddetallsuker)

Oppvekst

Nytt frå oppvekstsektoren i Bygland

I veke 40 er det haustferie! 😊

Fredag 29.09. fekk barnehagen besøk av **Bjørnis** og brannbilen. Barna fekk sjå på brannutstyr og snakka med både Bjørnis og brannmannskapet.



Fiskebiolog og besøk på Hanehaugen

1.-4. klasse hadde travle dagar i september. Dei har hatt besøk av fiskebiolog **Nils Kile**. Dei trekte garn og fekk flott aure som ble steikt på bålet. I anledning skulens kulturveke viste **Torbjørn Frøysnes** elevane rundt på Hanehaug og prinsessegrave på Nese. Flagget er eit som vart sydd på Bygland etter 2.verdenskrig og som vart bruka under den første 17.mai feiringa etter krigen. T. Frøysnes baud også på forfriskningar i Stabburet samt framføring av historia om kong Hane. 1.-4. klasse takkar for ein fantastisk dag!



Bilete: På tur med fiskebiologen; og På Hanehaug med Torbjørn Frøysnes. Alle bilete av Hege J. Gakkestad



BlimE!-dagen 2023 🌻

Fredag, den 22. september deltok førskuleborna og 1.-7. klasse på den nasjonale BlimE!-dagen.

Elevane har jobba med ulike oppgaver knytt til vennskap og avslutta heile prosjektet med ein felles dans av BlimE!-sangen 2023 "Sveve Høyt" på museumstomta på Bygland.



Bilete: BlimE-dansen av Anette Hovstad

Elevane hadde kledd seg ut for anledninga og skein om kapp med sola i alle slags kostyme. Ekstra moro var det at mange av elevane hadde vore kreative og laga eigne kostyme. 😊

Kultur

Bygland Kulturpris 2022

Siv Eline Jacob og Runar Flåt Granheim fekk kulturprisen for 2022

Vi gratulerer! 😊

Frå venstre: Ordførar Sigbjørn Åge Fossdal, Runar Flåt Granheim, Siv Eline Jacob og leiar i Levekårsutvalet Olaf Håkon Tørresen. Fotograf: Jorunn Sørлие Tveiten



Prisen blei delt ut under kommunestyremøtet den 21.september. Dei fekk blomar, diplom, ei tine laga av Bjarne Nordgarden og 5 000 kroner. Vi gratulerer Siv Eline og Runar med kulturprisen!

Forslagstillarane si grunngjeving:

"I 2009 kom planane om eit kor i gang i Bygland. Siv Eline Jacob var rask med å tilby seg å vere dirigent, og med på lasset følgde Runar. Koret hadde både dirigent og pianist og det skulle vise seg å vere eit supert team!

Kong Hanes Efterfølgere vart etablert i februar 2010 og dei 12 siste åra har desse to leia koret gjennom 4 store og mange små konsertar. Det har vore til stor glede for dei som er med og for konsertpublikummet.

Det viktigaste bidraget er kanskje likevel det dei gjer kvar onsdagskveld i musikkrommet på Bygland skule. Då er det korøving for ca. 20 songglade Byglendingar frå heile kommunen. I tillegg til øvingar kvar veke har dei leia koret gjennom fleire øvingshelger. Duoen har ei unik evne til å få hard jobbing til å bli gøy. Med deira smittande humør og energi er det ei glede for alle som er med. Å sjå Siv Eline i sving som dirigent er ei glede for både koristar og publikum. Tilbakemeldingar får publikum går ofte på det at det ser ut som vi har det så gøy. Og det har vi. Siv Eline og Runar har skapt eit miljø for både trivsel og songglede.

Runar er spesielt kyndig musikar som støtter koret i alle situasjonar på ein imponerende måte. Han er eit musikalsk geni som saman med Siv Eline, får ein gjeng med amatørar til å framstå som nokså samstemte. I tillegg til å

traktere fleire instrument, arrangerer han også noter til noko av musikken koret framfører.

Konsertane har alltid hatt fulle hus her i Bygland. Koret har også hatt konsertar og opptredenar i andre kommunar, og set på denne måten Bygland på kartet i forhold til song og musikk.

Siv Eline og Runar er eldsjeler som har skapt, og held liv i eit viktig musikkmiljø i kommunen. Dei har alltid prioritert koret høgt og har i alle år klart å klemme det inn i ein travel familiekvardag."

Endra opningstid på biblioteket i veke 41

- **Byglandsfjord:** måndag kl. 17.00 og 19.00
- **Bygland:** tysdag kl. 16.00 - 18.00 og torsdag 14.00 - 17.00.

Vi minner om at **biblioteket er stengt i veke 40**, grunna haustferie.



Kyrkjene i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkelyd.no og på Facebook.

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

Gudstenester (med atterhald)

- søndag 08.10. kl. 16.00: Kveldsgudsteneste i Bygland kyrkje v/ Kjell Steinbru. Organist: Knut Olav Uppstad. Merknad: Vonheimkoret deltek. Diakonien dag ved Åse Gudrun Tveit
- søndag 15.09. kl. 16.00 Gudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi v/ Kjell Steinbru. Organist: Knut Olav Uppstad

Andakter på Byglandsheimen

- tysdag 03.10. v/ Knut Gakkestad



Bilete: Bygland kyrkje av Susanne Hegenscheidt

- tysdag 17.10. v/ Kjell Steinbru

Åraksbø misjonslag

v/ Gunnveig Viki

Torsdag 5.10 kl. 19.00 Trusmøte i Åraksbø
grendehus

Velkommen til møte ved Jan Kjosavik frå Åpne
Dørrar.



Bygland misjonslag

v/ Kristin Straume/Gunnveig Viki/Kim Andre
Nomeland Thorstensen

Laurdag 28.10. kl. 17.00 Basar i Vonheim bedehus,
Bygland

- Sang av Vonheimkoret
- Andakt ved K. A. Nomeland Thorstensen
- Kveldsmat
- Åresal og sal på bok

Vi er takknemlige for gevinster til både åre og bok. Velkommen!



*Bilete: Vonheim bedehus,
Bygland av Siri Johannesen*

Det nye soknerådet i Bygland og Årdal sokn

1. Ann-Cecilie Andersen, f. 1969, Bygland
2. Øivind Aakhus, f. 1961, Bygland
3. Tor Austad Bjørgum, f. 1990, Austad
4. Gro Tove Frafjord Sandnes, f. 1974, Sandnes
5. Liv Sigrun Upsal, f. 1967, Byglandsfjord
Even Simensen, f. 1985, Bygland

Vara

1. vara Susanne Hegenscheidt, f. 1970, Åraksbø
2. vara Christina Ahlsrød Besteland, f. 1970, Langeid

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Bygland frivilligsentral, Sentrum 18,
4745 Bygland, e-post: post@bygland.no.

frivilligsentral.no. Nettside:

bygland.frivilligsentral.no



INFO: Olav Grendstad er vikar for Anne Fauske på BUA. Frivilljuge vil fortsatt vere engasjerte, men med Olav som ansvarleg. Alt av spørsmål kan rettes til han, tlf. 906 65 459.

Ved andre spørsmål ta kontakt med leiar samfunnsutvikling/assisterande kommunedirektør Aslak Brekke, tlf. 916 93 675.

Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Bygland frivilligsentral:

- **Språkkafé:** tysdagar 10.og 24.10. kl. 12.00
- **Bingo:** tysdagar 10.og 24.10. kl. 18.00
- **Strikkekafe:** torsdagar 05. og 19.10. kl. 18.00 – 21.00
- **Tysdagcafé:** tysdagar 03., 17. og 31.10. kl. 12.00
- **Bygdemiddag:** tysdagar 17. og 31.10. kl. 16.30 – 18.00
- **Styrketrening:** kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30 – Byglandshallen
- **Seniorsenter:** måndagar 09. og 23.10. kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord

Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)

mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)

ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)



1x/månad: fre: 18.00 - 21.00, 5. -7. kl. (Årdalshallen) og

lau: 19.00 - 23.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

Folg med på ungdomsklubben sin Facebook-side.

Ekstra tilskot til lag og organisasjonar på Agder

Agder fylkeskommune lyser ut 10 millionar kroner i ekstra midlar til frivilligheita på Agder.

Det kan bli søkt om tilskot til prosjekt, enkelt-tiltak og aktivitetar som styrker frivilligheita på Agder, og bidrar til auka aktivitet og engasjement.

Tilskotsordninga skal styrke frivilligheita og bidra til å nå visjonen for frivilligheitsstrategien for Agder. **Søknadsfrist: 10. oktober.**



Grafik: Agder fylkeskommune

Tømekalender for Bygland kommune – oktober 2023

- *Papir og plast*: veke 40: tysdag 03.10.
- *Matavfall og glass/metall*: veke 40: torsdag 05.10.
- *Matavfall og restavfall*: veke 42: torsdag 19.10.

Gjenvinningsstasjoner

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (11.10.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (28.10.)

Syrteit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (14.10.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt NR. 50 😊

Bilete: Framside: Rakkenes av Susanne Hegenscheidt. Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: S.H. Takk til alle fotografer!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: ingen i denne utgåva. Byglandsnytt oktober 2023: 01.11., skrivefrist 27.10.



KINO PÅ BYGLAND

**Bygland Filmklubb - søndag 08.10.
kl. 19.00: Bone Tomahawk (2015)**

Alder: 12 år

Stad: Bygland kulturscene

Sjelden kombinasjon av western og skrekk/Grog



Bygdekinoen på Bygland kulturscene – onsdag 18. oktober 😊

Kl. 17.30: N.N. Barnefilmen er ikkje lagt til denne speldagen enda.

Kl. 19.30: Sulis 1907 (12 år)

OMTALE

Året er 1907. Gruvebyen Sulis i Nordland var Nordens svar på Det ville vesten, og kopargruvene i den arktiske fjellheimen var blant dei største og mest nådelause. Atten år gamle Konrad er desperat etter arbeid og får jobb i den livsfarlege gruva Hanken. Det er brutale kår for arbeidarane, og forholda blir ikkje betre når den kyniske Olof Wenström kjem til makta i gruveselskapet. Det blussar opp til opprør og den sosialistiske aktivisten Helene Ugland maner til kamp.



Kapitalisten Wenström har likevel andre planar. Midt i konflikten står unge Konrad. Sulis 1907 er inspirert av verkelege hendingar, og skildrar opptrappinga til opprøret som endra Noreg. Det er eit storslaget drama frå Nils Gaup (Vegvisaren (1987), Kautokeino-opprøret (2008), Birkebeinerne (2016) mm.) med stjerneskotet Otto Fahlgren og Simon J. Berger kjent frå Exit i hovudrollene. I andre leiande roller finn me mellom anna Stig Henrik Hoff, Alexandra Gjerpen og Rune Temte.

BILLETTPRIS: 130 kr.

FILMFAKTA

Regi: Nils Gaup. Produksjonsår: 2022. Skodespelarar: Otto Fahlgren, Simon J. Berger, Pernille Sandøy, Alexandra Gjerpen, Rune Temte, Stig Henrik Hoff, Heidi Ruud-Ellingsen. Sjanger: Norsk /Action /Drama. Nasjonalitet: Noreg
Lengde: 1t. 45min. Aldersgrense: 12 år.

YMSE

STOGA kulturkafé og BYGLAND

TURISTKONTOR, Presteneset 10,
4745 Bygland, tlf. 907 81 105

- open søndagar kl. 11.00 – 17.00



Bilete: Olav Grendstad

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og over enkelte turar
- fiske og fiskekort i Bygland / info om bomvegar i Bygland
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

BYGLAND MUSEUM

Presteneset, Bygland

- søndagar kl. 11.00 – 17.00

Bygland museum er del av Setesdalsmuseet



STOGA Turstoge - tysdag 17.10. kl. 18.00

Om kva turmogleikar me har i kommunen, kva spanande me kan finne på heiene, og korleis med kan finne fram, med innføring i telltur.no, kulturminnesok.no og Askeladden.



Bilete: Trollnåla av Olav Grendstad

- Snorre Haukalid – Arkeologleiar – Agder Fylkeskommune
- Magnus Thomassen – Dagleg leiar i Midt-Agder Friluftsråd

Inngong kr. 100,-. For tilmelding sjå Stogas fb-side eller på tlf. 90 66 54 59.

STOGA BTW - Bygland teater workshop

for unge. Torsdagar kl. 15.00 – 17.30.

Instruktører: Olav Grendstad, Astrid Carlsen, Karna Emblemvåg. Pause i veke 40.



BJOREN BRYGGE på Presteneset på Bygland – sjå på Facebook

Kong Hanes Eftf – onsdagar kl. 19.30 musikkrom, Bygland skole (**ikkje veke 40**)

Byglandsfjord barnekor – annankvar måndag kl. 17.00, Fredheim bedehus, Byglandsfjord (09. og 23.10.)



Bygland Hornmusikk – kvar tysdag kl. 18.00 på Bygland kulturscene

Korpset inviterer til

Basar og minikonsert, søndag 01.10. kl. 17.00 på Åraksbø grendehus.

Åresal, gevinster, kaffe og kake 😊



Setesdal Spelemannslag

- 05.10. kl.12.00 Kvedarstund. Stabburet på Syrtveit v/Inger Lise Stulien
- 06.10. kl. 20.00 Folkemusikkpub med Daniel Sandèn-Warg, Sølvgarden Hotell, Rysstad
- 12.10. Konsert Østerlide, Hylestad Soknehus



SETESDALSPRISEN 2023

Kven bør få Setesdalsprisen 2023?

Prisen kan gå til eigar/leiar/privat verksemd i kommunane i Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og i Åseral som over tid – eller siste året – har virka på ein særleg positiv og fortienstefull måte. Utmerkinga kan tildelast ut frå særleg innsats eller nådde resultat når det gjeld å ha skapt/sikra;

- arbeidsplassar i regionen
- lønsemd og verdiskaping i regionen
- positiv merksemd, marknadsføring/sal på vegne av seg sjølv eller bransje

eller har vore;

- banebrytande høve utvikling
- på annan måte ha utmerka seg på ein særleg positiv måte til beste for næringsliv i regionen

Ein jury med ordførarane, lokalt tiltaksapparat, Innovasjon Norge og Agder fylkeskommune står for kåringa.

Har du aktuelle kandidatar å fremje?
Send forslag til: post@setesdal.no
innan tysdag 13. oktober kl. 12.00.

Prisen vil bli delt ut under Setesdalskonferansen 26. oktober 2023.



Setesdal Interkommunalt
Politisk Råd

T 37 93 75 00
E post@setesdal.no
www.setesdal.no



KVA SKJER I BYGLAND?

OKTOBER 2023

(med atterhald om endringar)

Hautferie 02.-06.10.

God ferie! 😊

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 01.10.	Bygland Hornmusikk, Åraksbø grendehus	17.00	Basar og minikonsert
tysdag 03.10.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
Onsdag 04.10.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
torsdag 05.10.	Åraksbø misjonslag, Åraksbø grendehus	19.00	Trusmøte v/ Jan Kjosavik frå Åpne Dørrar
sundag 08.10.	Bygland kyrkje	19.00	Kveldsgudteneste
	Bygl. Filmklubb, Bygland kulturscene	19.00	Film: Bone Tomahawk (12 år)
mån/tys 09/10.10.	9.klasse, Bygl. Skule heile kommunen	17-20	Flaskeinnsamling til inntekt for Polenturen
onsdag 11.10.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
sundag 15.10.	Årdal kyrkje, Grendi	16.00	Gudsteneste
tysdag 17.10.	Stoga, Bygland	18.00	Turstoge (sj. S. 18)
	Byglandsheimen	14.00	Andakt
	Frivilligsentral	16.30	Bygdemiddag
onsdag 18.10.	Byglandsheimen	14-17	Open dag
		16.00	Konsert Frode Moltemyr
	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	Film 1: N.N.
		19.30	Film 2: Sulis 1907 (12 år)
fredag 27.10.	4H, Bygl- kulturscene	18.00	Hautfest Framsteg4H
laurdag 28.10	Bygland misjonslag, Vonheim bedehus	17.00	Basar

Bygland frivilligsentral: sjå s. 15